
Fra: Benjamin Stephen Hicks
Sendt: 8. oktober 2015 10:00
Til: Alf Eikevik; Postmottak Lindås
Kopi: 'Andreas Neumann Meyer'; Kjartan Nyhammer
Emne: SV: Arkivering av søknad utan handsaming - utslepp av sanitært avlaupsvatn - gbnr 99/4 Våge

Alf Eikevik,

Det er ikkje sendt inn noko søknad om bruksendring etter det eg er kjent med. Dette er heller ikkje avgjerande.

Bygningen er oppført som eit våningshus, men bruken som våningshus har for lengst opphørt. Vi forstår det slik at bygningen ikkje har vore brukt til dette føremålet sidan 1970 tallet. Etter det vi forstår frå tidlegare møter med deg har bygningen til dels vært nytta som fritidsbustad fram til i dag.

Du ynskjer nå å ta bygningen i bruk som bustad som er i strid med arealføremålet LNF.

Det vises til sak som har vært hos Sivilombudsmannen vedrørende endra bruk av bygningar:

«Bruken av en eiendom er ikke en egenskap ved eiendommen, men et uttrykk for eierens/brukerens disposisjoner og vil naturlig nok kunne forandres over tid. Selv om eieren gjennom en årrekke har brukt eiendommen på en bestemt måte, har han ikke av den grunn noe krav på å gjenoppta bruken dersom han en periode har benyttet eiendommen til andre formål. Det samme må gjelde dersom en bygning blir fraflyttet og stående tom over tid. En bruk over mange år gjør det naturlig nok lettere å fastslå hvilken bruk som er etablert, og som dermed lovlig kan fortsette uavhengig av senere planer. Det er nok også slik at man ved langvarig bruk lettere godtar (kortere) avbrudd uten at bruken anses som bortfalt. Men noen rett ut over dette, og som nærmest hefter ved eiendommen, gir bruken ikke.

Heller ikke den omstendighet at bruken som bolig var lovlig etablert både før strandsonerforbudet og kommuneplanen ble gitt, og at noen bruksendring ikke er registrert, kan etter mitt skjønn tillegges betydning. Det avgjørende må være den faktiske utnyttelsen av eiendommen, og i saken her var det mange år siden huset var benyttet som bolig»

Heile saka kan du sjå på fylgjande lenke:

<https://www.sivilombudsmannen.no/kapittel-4-referat-av-saker/80-bruksendring-til-fritidsbolig-article389-503.html>

Vår vurdering av å krevje bruksendring tek utgangspunkt i den bruken som har vore av bygningen de siste 40 åra, og på bakgrunn av bygningens tilstand, jf. felles synfaring på staden.

Kommunen er positiv til dine planer om rehabilitering av bygningen, men dette må skje innanfor lovens rammer.

Med helsing,

Benjamin Hicks

Jurist
Byggesak

postmottak@lindas.kommune.no

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20
NO-5914 Isdalstø
Telefonnummer +47 56375000

Ikke svar på denne eposten.

Svar eller førespurnader sendast postmottak@lindas.kommune.no

Fra: Alf Eikevik [<mailto:basseng@eikeviks.no>]

Sendt: 8. oktober 2015 09:09

Til: Benjamin Stephen Hicks; Postmottak Lindås

Kopi: 'Andreas Neumann Meyer'

Emne: SV: Arkivering av søknad utan handsaming - utslepp av sanitært avlaupsvatn - gbnr 99/4 Våge

Hei Benjamin

Vennligst sen meg dokumentasjon/søknad på omregulering av bruksendring for kårhus til fritidsbolig, samt behandlet søknad med svar på bruksendring og registrert bygningstype 113 til ny bygningstype 163, i henhold til deres brev/arkivering av søknad den 01.10.15.

Med vennlig hilsen

Alf Eikevik

Fra: Benjamin Stephen Hicks [<mailto:Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no>]

Sendt: 2. oktober 2015 12:24

Kopi: basseng@eikeviks.no

Emne: Arkivering av søknad utan handsaming - utslepp av sanitært avlaupsvatn - gbnr 99/4 Våge

Se vedlagte saksdokumenter.